

HARAM KOMMUNE
Kontrollutvalet

MØTEINNKALLING

08.12.2014

Kopi til: Ordføreren
Revisor
Rådmannen

Medlemene av
Kontrollutvalet

INNKALLING TIL MØTE I HARAM KONTROLLUTVAL

Det blir med dette kalla inn til møte i kontrollutvalet

måndag 15.12.2014 kl. 10.00
på Haram rådhus

SAKLISTE:

- | | |
|-----|---|
| Sak | 07/14 - Godkjenning av møtebok frå møte 21.05.2014 |
| « | 08/14 - Orientering om Haram Industrier AS v/dagleg leiar |
| « | 09/14 - Tertialrapport 2. tertial 2014 |
| « | 10/14 - Vedkomande budsjett 2015 – Haram kontrollutval |
| « | 11/14 - Uavhengigheitserklæring frå revisor |
| « | 12/14 - Eventuell oppfølging av tidlegare sak |
| « | 13/14 - Diverse orienteringar |
| | Eventuelt |

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 97 60 57 83 til dagleg leiar eller e-post harald.rogne@sksiks.no

Eivind Davik
leiar
(sign.)

KONTROLLUTVALET I HARAM KOMMUNE

MØTEBOK

Møtedato: 21.05.2014, kl. 1100
Møtestad: Haram rådhus

Møtet vart leia av Eivind Davik

Elles til stades: Sigrid Eidsvik og Torleiv Rogne

= 3 voterande

Frå kontrollutvalsekretariatet møte:
Dagleg leiar Harald Rogne

Frå kommunerevisjonen møte:
Dagleg leiar Kjetil Bjørnsen

Frå Haram kommune møte ordførar Bjørn Sandnes og økonomisjef Levi Lervik.

Det kom ikkje fram merknader til innkalling eller sakliste. Ettersendt ekstrasak 06/14 vart teke med på saklista.

SAK 01/14 GODJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 21. NOVEMBER 2013

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå kontrollutvalet sitt møte 21. november 2013 blir godkjent.

SAK 02/14 ÅRSMELDING 2013 – HARAM KOMMUNE

Innstilling datert 13.05.2014 frå kontrollutvalsekretariatet

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek årsmelding 2013 for Haram kommune til orientering.

SAK 03/14

KOMMUNEREKNESKAPEN 2013 – HARAM KOMMUNE

Innstilling datert 13.05.2013 frå kontrollutvalsekretariatet.

Kontrollutvalet sin samrøystes uttale:

Haram kommune sin rekneskap for 2013 blir godkjent.

SAK 04/14

REKNESKAP 2013 – INGEBRIGT DAVIK - HUSET KF

Innstilling datert 13.05.2013 frå kontrollutvalsekretariatet.

Kontrollutvalet sin samrøystes uttale:

Rekneskap 2013 for Ingebrikt Davik-huset KF blir godkjent.

SAK 05/14

UTGREIING OM ORGANISERING AV REVISJONSDISKTRIK – ORIENTERINGSSAK

Saksdokument datert 13.05.2013 frå kontrollutvalsekretariatet.

Dagleg leiar i kommunerevisjonen, Kjetil Bjørnsen orienterte.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

SAK 06/14

INNSTILLINGSRETT - RÅDMANNEN ELLER KONTROLLUTVALET

Saksdokument datert 15.05.2013 frå kontrollutvalsekretariatet.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

Eivind Davik
leiar
(sign.)

Sigrid Eidsvik
nestleiar
(sign.)

Torleiv Rogne
medlem
(sign.)

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i
Haram kommune

Dato: 08.12.2014

**SAK 09/12
TERTIALRAPPORT 2. TERTIAL 2014 - HARAM KOMMUNE**

Som vedlegg følger:

- Utdrag frå kommunestyresak 53/14

Formell bakgrunn for rapportering

Av budsjettforskriftene §10 går følgjande fram:

"Administrasjonssjefen, eventuelt kommune- eller fylkesrådet, skal gjennom budsjettåret legge fram rapporter for kommunestyret eller fylkestinget som viser utviklingen i inntekter og innbetalingar og utgifter og utbetalingar i henhold til det vedtatte årsbudsjett. Dersom administrasjonssjefen eller kommune- eller fylkesrådet finner rimelig grunn til å annta at det kan oppstå nevneverdige avvik i forhold til vedtatt eller regulert årsbudsjett, skal det i rapportene til kommunestyret eller fylkestinget foreslås nødvendige tiltak"

Av kommentarane til § 10 går det fram at det skal skje rapportering til kommunestyret om den faktiske utviklinga i inntekter og utgifter sett i forhold til dei inntektene og utgiftene som er ført opp i årsbudsjettet. Rapporteringa skal skje med jamne mellomrom og minimum to gongar i året. Ved tilstrekkelege avvik skal det settast i verk tiltak. Med tiltak blir det meint ikkje berre justeringar av dei oppførte inntektene og løyvingane som er nødvendige for å sikre/oppretthalde kravet om balanse i årsbudsjettet, men også mulige tiltak innanfor budsjetttrammene som t.d. å endre innhald i det kommunale tenestetilbodet.

Generelt sett bør kommunane fastsette reglar for omfang og hyppigheit av rekneskapsrapportering i løpet av året. Det bør også gå fram kva nivå det skal rapporterast på. Dei ulike nivåa bør få rekneskapsrapportering på sitt respektive nivå. Kommunestyret må få rapportering på same nivå som det vedtekne budsjettet. Det bør også føreligge eit system for periodisering av utgifter og inntekter.

Vedkomande framlagte rapport

Tertialrapporten har ingen prognose på forventet rekneskapsresultat for 2014, men rapporten gir inntrykk av at økonomien synes å være under kontroll.

På bakgrunn av ovenstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

v e d t a k :

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

Harald Rogne
dagleg leiar

HARAM KOMMUNE

Sakspapir

Utval	Møtedato	Saksnr	Saksbeh.
Formannskapet	14.10.2014	054/14	Per Langnes
Kommunestyret	23.10.2014	053/14	Per Langnes

Avgjerd av: Kommunestyret	Arkiv: 210	Arkivsaknr 14/541
---------------------------	---------------	----------------------

Tertialrapport 2. tertial 2014

Framlegg frå Rådmannen:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:

Kommunestyret tek tertialrapport for 2. tertial 2014 til vitande.

Behandling i Formannskapet den 14.10.2014:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes tilrådd.

FS-054/14 Tilråding:

Kommunestyret tek tertialrapport for 2. tertial 2014 til vitande.

Behandling i Kommunestyret den 23.10.2014:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke.

KS-053/14 Vedtak:

Kommunestyret tek tertialrapport for 2. tertial 2014 til vitande.

Vedlegg:

Tertialrapport - 2. tertial 2014

Gjeldsrapport

Fondsrapport Pareto

Fondsrapport Sparebanken Møre

Saksutgreiing:

I følgje økonomireglementet for Haram kommune skal det kvar tertial leggjast fram ein økonomirapport til kommunestyret. I tillegg til økonomidelen gir vedlagte tertialrapport ei oversikt over ting det har vore arbeidd spesielt med i forhold til verksemdsplanar og styringskort.

Det går fram av rapporten at dei fleste einingane er i rute i forhold til tildelte budsjetttrammer. Barnehage, ytre omsorgsdistrikt og Sosialtenesta signaliserer likevel at ein kan få eit meirforbruk.

Inntektssida i budsjettet er og usikker, der kommunen må rekne med mindre skatteinngang enn det som ligg i budsjettet. Skatteanslaget er frå regjeringa si side redusert til ein skattevekst på 2,4 % i år. Dette er høgare enn veksten til no i år, og føreset ein vekst på 3 % dei fire siste månadane. Finansavkastninga pr. 2. tertial var god, men det er usikkert korleis dette vil utvikle seg resten av året.

Alle einingar har fått beskjed om å spare der ein kan. Eiga sak vedk. budsjettjustering vil likevel vere aktuell seinare i haust.

Ein viser elles til dei kommentarane som er lagt inn i rapporten.


Rådmann

Per Langnes
Leiar Stab/støtte



TERTIALRAPPORT

2. TERTIAL 2014



INNHALD

1. INNLEIING	3
2. STYRINGSKORTET.....	3
BRUKARPERSPEKTIVET	3
PERSPEKTIV FOR ØKONOMI OG RESSURSAR	6
MEDARBEIDARPERSPEKTIVET	10
PERSPEKTIV FOR PROSESS OG FORNYING.....	11
3. ØKONOMIRAPPORT PR. 1. TERTIAL 2014	13

Vedlegg:

Gjeldsrapport
Fondsrapport Pareto
Fondsrapport Sparebanken Møre

1. INNLEIING

I følge økonomireglementet for Haram kommune skal det kvar tertial leggjast fram ein økonomirapport til kommunestyret. I tillegg til økonomidelen gir tertialrapporten ein status i forhold til styringskort/verksemdsplanar. Endeleg rapport med meir detaljar vil skje gjennom årsmeldinga som vert lagt fram våren 2015.

Økonomidelen gir ei god oversikt over rekneskapet pr. utløpet av 2. tertial 2014, samt eigne rapporter knytt til kommunen si gjeld (Gjeldsrapport) og finansavkastning (Pareto og Sparebanken Møre).

Dei fleste einingane er om lag i rute i forhold til fastsette driftsrammer. Barnehageeininga vi likevel med noverande barnetal og utbetaling til dei private barnehagane kunne kome ut med eit overforbruk. Nærare avklaring rundt dette vil ein få når ny berekning av tilskot dei private barnehagane og barnetal er klart. Ytre omsorgseining har og utfordringar som forsterkar seg ut over året og som kan gi eit overforbruk. Innanfor sosialtenesta har ein kostnader knytt til mottak av nye flyktningar som det ikkje er tatt omsyn til i den tildelte budsjetttramma. Dette gir auka inntekter til kommunen som ikkje er lagt inn i ramma til nokon av einingane. På dei andre driftsområda reknar ein med å kunne halde seg innanfor ramma. Einingane må styre etter gjevne budsjetttrammer, men rådmannen har bedt alle om å spare inn på område der det er mogleg. Sak vedkomande justering av budsjetttrammer vil bli vurdert, og eventuelt lagt fram for kommunestyret seinare i haust.

På inntektssida er skatteinngangen usikker, og ser ut til å gi ei mindreinntekt. Skatteanslaget er redusert, og regjeringa ventar no ein samla skattevekst for kommunane på 2,4 % i år. Dette er og høgare enn gjennomsnittleg vekst til no i år, og føreset ein vekst på 3 % dei fire siste månadane.

Pr. 2. tertial var utviklinga i marknadsv verdien på finansplasseringa relativt god i forhold til budsjettet. Dette kan imidlertid utvikle seg både positivt og negativt ut over året.

2. STYRINGSKORTET

BRUKARPERSPEKTIVET

Hovudmålet i styringskortet er at Haram kommune skal levere moderne og brukarretta tenester, i samspel med innbyggjarar / omgivnader. Fokusområde i 2014 er

- Utvikle og bruke kunnskap, ferdigheiter og haldningar knytt til forventningar og endra føresetnader frå omgivnadene / innbyggjarane våre.
- Haram kommune som fleirkulturelt samfunn

Nedanfor har ein tatt inn spesielle utfordringar og/eller ting det har vore arbeidd spesielt med i 2. tertial

Kommunikasjon og dialog:

Informasjon knytt til kommunen sine tenester skal vere oppdatert på kommunen si heimeside og andre kanalar ut mot innbyggjarane.

Informasjonen på kommunen si heimeside er delvis oppdatert.. Portalløysinga vil framover bli

endra, og arbeidet med dette vil bli starta opp i siste tertial.

I lokalt utviklingsprosjekt (LUK) og Bolystprosjektet "Integrering i Haram", er målet å oppnå effektiv, målretta informasjon og kommunikasjon som skal bidra til positiv aktivitet og tilvekst i Haram kommune. Det er her spesielt viktig at mangfaldet i befolkninga blir ivaretatt, og at ein har eit fleirkulturelt fokus. I samband med dette arbeidet er det sett i gang eit delprosjekt for å utvikle kommunikasjon- og informasjonsstrategi. Det er søkt ekstern kompetanse til å bistå i arbeidet. I utvikling av informasjonsstrategien vil ein i denne omgang ha fokus på "førstehands" informasjon til aktuelle målgrupper, og ein vil blant anna knytte dette til utvikling av kommunen sine nettsider.

I det vidare arbeidet vil ein nytte faktakunnskap som er henta inn i analyse av data frå målgruppa, og gjennom idédugnader som er gjennomført i samarbeid med næringsliv og kommune.

Eigedom og teknisk drift har oppdatert informasjon om sine tenester via kommunen si nettside. Informasjonen er brukarretta med linkar til sjølvbetjeningsskjema der brukaren kan bestille tenester via nettet. Tenestetilbodet er utvida til å omfatte oversikt over ledige tomter i kommunen med link til skjema og rutinar for kjøp av tomt.

Det er gjennomført møter med pasientar og pårørande ved Solbakken og ved Vatne sjukeheim. Tilbakemeldingane frå møta har vore gode.

Skulane har etablert system for kommunikasjon med elevar og foreldre. Ved relevant informasjonsbehov nyttar ein skulen si heimeside.

PRIORITERTE SATSINGSOMRÅDE

Saman for barn og unge:

Oppfølging og gjennomføring av planlagte tiltak innanfor satsinga «Saman for barn og unge». Aktuelle parametre for måling av resultat over tid skal vere ferdig utarbeidd.

Aktuelle parametre for måling av resultat over tid er førebels ikkje utarbeidd.

Folkehelsestrategi:

Strategi for folkehelsearbeidet skal vere vedtatt og oppfølging av strategien iverksatt.

Strategi for folkehelsearbeidet vart vedtatt i februar. Arbeidet med handlingsplan for folkehelsestrategien er i gong. Ein ser at folkehelseaktivitet og frivilligarbeid har mykje til felles, og det er oppretta kontakt med den nye leiaren ved frivilligsentralen med tanke på samarbeid.

ROS-analyser:

Overordna ROS-analyser ferdigstilt.

Arbeidet med ROS-analyser har vore vidareført i 2. tertial og skal vere ferdigstilt i løpet av året. Det har og vore arbeid med oppdatering av kommunen sine beredskapsplanar generelt.

Omsorgssenter:

Nytt omsorgssenter ferdig planlagt og byggjearbeid igongsett.

Konkurransegrunnlaget for bygging av nytt omsorgssenter på Eidet vart lagt ut på Doffin 27.06.14. Det er lagt ut som totalentreprise. Det vart gjennomført anbodskonferanse 05.08.14, der 10-12 eksterne interessentar deltok. Frist for levering av anbod er 16.10.14. Dei innkomne anboda vil bli vurdert ut frå nedfelte kriterier og ulike fagområde vil vere involvert i vurderingane. Kriteria som skal vurderast er pris, funksjonalitet, leverandøren si erfaring/kompetanse og framdrift. Målet er å skrive kontrakt med leverandør før årsskiftet.

Planarbeid:

Handlingsdelen i kommunal planstrategi følgt opp.

Kommunal planstrategi 2012-2015 vart vedtatt av kommunestyret i november 2012.

Planstrategien gir ei oversikt over planarbeid kommunestyret såg behov for og prioriterte å arbeide med i denne kommunestyre perioden. I vedtaket vart det spesifisert at kommunestyret spesielt ville prioritere arbeidet med revidering av arbeidet med arealdelen av kommuneplanen. Dette arbeidet er ikkje formelt starta, men utkast til planprogram er utarbeidd i 2. tertial.

Planstrategien omhandlar og anna planarbeid:

- Revidering av prioriterte programområde i strategiplanen vart gjennomført i 2013 og rullert i 2014 gjennom handlingsprogram og økonomiplan 2015-2018.
- Plan for utvikling av Nordøyane. Dette arbeidet er no i startfasen gjennom eit prosjekt som er aktuelt å gjennomføre saman med Sandøy kommune.
- Kommunedelplan for Hamnsundsambandet. Dette arbeidet vert etter vedtak utarbeidd av Hamnsundsambandet AS. Planprogram er tidlegare godkjent og kommunen har ikkje hatt plansaka til behandling i år.
- Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet. Dette arbeidet har ikkje vore prioritert til no.
- Kystsoneplan. Kommunen vart tidlegare invitert av Ålesund kommune til å vere med i eit plansamarbeid med andre kommunar i regionen. Kommunen ynskte å vere med, men har seinare fått melding om at arbeidet ikkje vil bli gjennomført no.
- Reguleringsplan for fv. 659 Nordøyvegen. Siste plangodkjenning var i 2013. Planarbeid vedk. massetak vart starta opp i år, men kommunen har førebels ikkje fått framlegg til reguleringsplan til behandling.
- Plan for psykisk helsearbeid. Det vil ikkje bli tatt stilling til behov for rullering før neste år.
- Pleie- og omsorgsplan. Det vil ikkje bli tatt stilling til behov for rullering før neste år.
- Plan for integrering av bustadar for vanskelegstilte i eksisterande bumiljø. Dette arbeidet er starta opp og vert arbeidd med i 2014. Planen vert truleg ikkje ferdigstilt før i 2015.
- Adresseplan. Fleire kommunar utarbeider adresseplan. Dette er ikkje ein lovpålagt plan, men er meint som eit hjelpemiddel i adresseringsarbeidet. Behovet for ein slik plan har ikkje vore til stades i Haram. Grunnen til dette er at det er oppretta fire «namnenemnder» i kommunen som har jobba parallelt med vegnamnforslag innan sine områder. Ein nyttar også ein ny type programvare som effektiviserer utsending av «Melding om offisiell adresse», og massivregistrering av adresser i Matrikkelen. I Haram har vi 40% dekning av vegadresser. Etter å ha venta på svar frå namnekonulentane sidan februar har vi i september fått godkjent 97 vegnamnforslag i bygdene Hellestranda, Vestrefjord, Grytastranda, Søvik, Gamlem og alle busette øyar. Dette utgjer ca. 2000 nye vegadresser og desse vil bli sendt ut når vegnamnvedtak er gjort. Dekninga vil då være ca. 85%. Vegnamn i bygdene Hildrestranda, Remme og Helland blir tatt i 2015 saman med ei ajourføring av adresser i Brattvåg.

- Hovudplanar avløp og vassforsyning. Dette arbeidet er ikkje oppstarta, men må følgjast opp i tilknytning til revideringa av arealdelen av kommuneplanen.
- Trafikktryggingsplan. Rulleringa av planen er ikkje starta opp.
- Vedlikehaldsplan bygg. Det er tidlegare utarbeidd planar for skulane. For andre bygg er det førebels ikkje utarbeidd planar.
- Kjerneområde landbruk. Dette arbeidet vart tidlegare starta opp, men har ikkje blitt fullført då ein ikkje har hatt personaressursar til det.

Kommunehus:

Anbudsgrunnlag nytt kommunehus ferdig utarbeidd og følgt opp i forhold til vedtak.
Eiga sak i tredje tertial

PERSPEKTIV FOR ØKONOMI OG RESSURSAR

Hovudmålet i styringskortet er at Haram kommune skal nytte ressursane effektivt. Fokusområde i 2014 er

- Utøve tydeleg og samkøyrte leining for å identifisere, skaffe og nytte tilgjengelege ressursar på tvers av sektorar (offentleg, privat og frivillig)
- Vurdering av struktur/tenestetilbod innanfor område omfatta av kommunestyrevedtak/budsjett

Nedanfor har ein tatt inn spesielle utfordringar og/eller ting det har vore arbeid spesielt med i 2. tertial

Prioriterte satsingsområde i handlingsprogram:

Følgje opp prioriterte satsingsområde i kommunen sitt handlingsprogram for 2014-2017

Kommunen sitt handlingsprogram for 2014-2017 omhandlar fem hovudpunkt med fastlagte satsingar som skal ha prioritet. Det vert kontinuerlig arbeid innanfor fleire av desse områda, men ein vil kome nærare tilbake til ei rapportering i årsmeldinga som vert lagt fram våren 2015.

Økonomireglement:

Økonomireglementet ferdig revidert og implementert i organisasjonen

Arbeidet med nytt økonomireglement er ikkje gjennomført og vil ikkje kunne bli implementert før i 2015.

Strukturer/tenestetilbod:

Strukturer/tenestetilbod innanfor område kommunestyret har vedtatt skal vurderast, skal vere ferdig utgreidd og lagt fram sak på.

Dette arbeidet er i gang, og vil bli følgt opp så langt som mogleg ut over hausten.

ØKONOMIRAPPORT

Status på rekneskapen i forhold til budsjett pr. 2. tertial 2014 – Vurdering frå einingane og stab/støtte

DRIFTSBUDSJETTET SAMLA

Netto forbruk samla var pr. 2. tertial 62,8 %. Samla er dette om lag der det bør vere, og litt lågare enn tilsvarende periode i 2013. Kostnadane knytt til lønsoppgjeret kjem imidlertid seinare i år, og blir ikkje belasta rekneskapet før i siste tertial.

ANSVARSGRUPPE 10 – POLITISK:

Netto forbruk pr. 2. tertial utgjør 56,6 % i forhold til årsbudsjettet. Dette er normalt og litt i underkant av det det har vore i tilsvarende periode siste to åra.

ANSVARSGRUPPE 11 – DIVERSE OG STAB/STØTTE:

Netto forbruk pr. 2. tertial utgjør 69,3 % i forhold til årsbudsjettet. Dette er høgare enn det normalt har vore, men skuldast i hovudsak bruk av prosjektmidler (Bulyst) der tilskotet frå fylkeskommunen er venta å kome inn ved slutten av året. Drifta elles er om lag på same nivå som den har vore siste to åra.

ANSVARSGRUPPE 13 – TILSKOT KYRKJELEG FELLESRÅD MM.

Netto forbruk pr. 2. tertial utgjør 68,2 % i forhold til årsbudsjettet. Dette er normalt i forhold til 2. tertial, men tidspunkt for overføring til fellesrådet varierer frå år til år. Denne rapporten omfattar ikkje drifta innanfor kyrkjeleg fellesråd elles.

ANSVARSGRUPPE 21 – GRUNNSKULETENESTER:

Netto forbruk pr. 2. tertial utgjør 62,1 % av årsbudsjettet. Det fortel at grunnskuletenester er i rute i høve årsbudsjettet. Styringa på dei ulike skulane synes å vere stram og god.

Det er ein vesentleg usikkerheitsfaktor på refusjonar for flyktningar, fosterheimselevar og sjukepengar, men så langt vi har oversikt over i dag, er vi i rute også her.

Det har kome krav om teleslynge for hørselshemma elevar på 2 av skulane våre. Vi arbeider med å vurdere kvalitet og pris på tilrådd utstyr. Dette vil uansett vere ei investering vi må foreta grunna elevane sine rettigheter.

ANSVARSGRUPPE 23 - BARNEHAGETENESTER:

Netto forbruk pr. 2. tertial utgjør 66,6 % i forhold til årsbudsjettet. Medrekna refusjon sjukeløn pr. 31.8. ligg lønsutgiftene totalt på 63,5.

Som følge av auka makspris i det endelege statsbudsjett (frå 2330 til 2405 kr pr. mnd for 1/1 plass) vil inntektspostane til dei kommunale kunne aukast noko. Totalt sett vil dette gå ut igjen i auka prosentvis tilskot (frå 96 til 98% pr. 1. august) til dei private barnehagane.

Rammefinansieringa av barnehagane er enno "uforutsigbar". Årsrekneskapen, med overskot for dei kommunale barnehagane for 2013, kan medføre at noko av tilskotet som vart utbetalt til private skal dragast inn igjen i 2014. Dette blir klart med det første. Vi skal ha ny teljing av barn pr. 20. september og det kan også føre til endringar begge vegar.

Med noverande barnetal og månadleg utbetaling vidare i dei private barnehagane ligg det an til eit underskot på ca 2 mill.

Den kommunale satsen til dei private barnehagane i Haram for 2014 er 96.017 kr pr år for barn over 3 år og 189.193 kr for barn under 3 år. Tilsvarende nasjonale satsar er 102.400/ 200.400.

ANSVARSGRUPPE 25 – TILTAKSTENESTER BARN OG UNGE:

Netto forbruk pr. 2. tertial utgjør 60,0 % i forhold til årsbudsjettet.. Dette er førebels godt innanfor ramma, men ein må vere merksam på kostnader som kan kome. Ansvarsområdet vil og bli belasta med ein ny kostnad knytt til husleige for lokale til helsestasjon på Vatne.

ANSVARSGRUPPE 31 – HELSETENESTER:

Netto forbruk pr. 2. tertial utgjør 68,0 % i forhold til årsbudsjettet.
Samanlikna med forbruket pr 2. tertial dei føregåande åra, er dette om lag likt.

Ressurssituasjonen i fysioterapitenesta og i ergoterapitenesta.

Det har over fleire år vore behov for å auke ressursane innan kommunale fysioterapitenesta og ergoterapitenesta, utan at det har vore rom for det. Stillingane vi har på desse to områda (2 fysioterapistillingar og 1 ergoterapistilling) yter tenester til innbyggjarar i alle aldrar på tvers av einingane. Dette året har ein fått ei stor auke i innbyggjarar med ekstra behov for oppfølging frå fysioterapeut og ergoterapeut. Ein ser no at missforholdet mellom ressursane vi har og behovet for tenester har auka. Innan fysioterapi har kommunen god kompetanse men for liten kapasitet. Innan ergoterapi har kommunen behov både for meir spesialkompetanse og meir kapasitet. Det vert gjort strenge prioriteringar i tenestene om korleis ressursane vert nytta, men ein opplever at tilbodet til brukarane ikkje vert godt nok. Dette får ringverknader til omsorgseiningane, rehabiliteringstilbodet og tiltakstenester barn og unge, då tenestene er samansette.

I første omgang må eininga kjøpe noko fysioterapi- og ergoterapiressurs for å imøtekomme noko av det auka behovet. Ein reknar med å finne dekning for utgiftene i år innanfor den ramma ein har, men dette vil vere ei utfordring komande år.

ANSVARSGRUPPE 33 – OMSORGSDISTRIKT 1 (YTRE):

Netto forbruk pr. 2. tertial utgjør 64,0 % i forhold til årsbudsjettet.

Drifta i pleie- og omsorg ytre er så langt i år ikkje ulik 2013, men budsjettamma som er gitt for 2014 kan sjå meir realistisk ut enn den som vart gitt i 2013. Det er aukande behov for korttids, avlastnings og rehabiliteringsplassar i institusjon. Dette gir svikt i inntekter, då det er mindre pasientar/brukarar på langtidsopphald, tilsvarande ca. kr. 1,0 mill. så langt i år. Der er også noko lågare inntekter på korttidsopphald, ca. kr. 400.000,-. Der har til tider stått ledige omsorgsbustadar der ein går glipp av leigeinntekter.

Det er fortsatt utfordringar i drifta, både i heimetenesta og i institusjon. Vi har fortsatt fleire pasientar/brukarar med behov for ein til ein oppfølging, ein auke frå 2013 med ca 200 % stilling både i 1. og 2. tertial. Pasientar/brukarar som vert innlagt ved Haram omsorgssenter som har eit rehabiliteringsbehov har til tider fått forlenga opphald på grunn av mangel på ressursar fysio- og ergoterapeut. Dette fører til forlenging av opphald i institusjon som gir ein kostnadsauke.

Kostnader knytt til straum er ikkje så høge som venta så langt i år, men her kan vere eit etterslep.

Tenesta har fått auka utfordringar som vil gi auka kostnader i 3. tertial, og kanskje vidare i 2015. Knytt til dette har ein hatt ein uforutsett kostnad på ca. kr. 60.000,- knytt til opplæring i helseforetaket i 2. tertial.

Sjølv om drifta i forhold til ramma ser betre ut i 2014 enn i 2013, vil utfordringane i eininga kunne medføre at ein kjem ut med eit overforbruk i forhold til eksisterande budsjettamme.

ANSVARSGRUPPE 34 – OMSORGSDISTRIKT 2 (INDRE):

Netto samla forbruk pr. 2. tertial for indre omsorgseining utgjer 61,4 % i forhold til årsbudsjettet. Tilsvarende tal i 2013 var 68,1 %. Forbruket er noko ulikt i dei ulike deltenestene. Den vesentlege grunnen til forskjellen at eininga fekk auka budsjetttramma og den er dermed meir realistisk med tanke på drifta. Det har vore eit etterslep med fakturering av straum, dette gjer at det reelle forbruket etter 2. tertial er noko høgare enn talet tilseier.

Talet på brukarar og tildelte tenestetimar i heimebasert omsorg (HBO) har auka siste året, noko som har gjort at lønnskostnadane her er høgare enn budsjettert.

Nattevakt i HBO er felles i indre og ytre omsorgseining. Det er ein person på kvar vakt, men vi ser det er behov for to, ikkje minst med tanke på sikkerheit og trygghet til dei tilsette. For å auka bemanninga på natt i HBO frå ein til to personar, trengs det to stillingar. Dette har ein imidlertid ikkje rom for innanfor eksisterande ramme.

ANSVARSGRUPPE 35 – SOSIALTENESTER:

Netto forbruk pr. 2. tertial utgjer 72,3% i forhold til årsbudsjettet. Det er ca. 2% høgare enn på tilsvarende tid i 2013. Statstilskot til ressurskrevjande brukarar kjem først som inntekt ved årsskiftet. Det utgjer ein vesentleg del av inntektssida.

I 2013 hadde vi teke mot 5 av 10 flyktningar ved utgangen av 2. tertial. I 2014 har vi teke mot 17 flyktningar på same tidspunkt. Av desse er 12 deltakarar i Introduksjonsprogrammet (dei andre er born). Vi skal ta imot 7 flyktningar til i 2014. Dette medfører auka inntekter til kommunen, men også behov for budsjettjustering på dette området.

ANSVARSGRUPPE 51 – BYGGESAK, LANDBRUK OG AREALFORVALTNING:

Netto forbruk pr. 2. tertial utgjer 26,0 % i forhold til årsbudsjettet.

Grunnen til den låge forbruksprosenten er i hovudsak tredelt. Gebyrinntekter som ligg føre skjema, eit nøkternt forbruk og refusjon av sjukeløn. Der dei to første punkta er resultatet av eit godt arbeidsmiljø, som er prega av samhandling og gjensidig tillit. Avsette midlar til utarbeiding av arealdelen av kommuneplanen er også førebels unytta. Sakshandsaminga går sin gang og lovpålagte tidsfristar vert haldne.

ANSVARSGRUPPE 52 – EIGEDOM OG TEKNISK DRIFT:

Netto forbruk pr. 2. tertial utgjør 42,3 % i forhold til årsbudsjettet.

VAR

Det ser ut for at gebyrauken for renovasjon, vatn og avløp i 2014 er dekkende for auka kostnader og ein vil gå ut med null i regnskapen for sjølvkostområda.

Vedlikehald veg

Det er innført streng kostnadskontroll og streng prioritering for vedlikehaldsoppdrag for veg. Regnskapen syner at forbruket ligg innfor ramma.

Vedlikehald bygg

Vedlikehaldsarbeid for skulane blir utført i samsvar med vedlikehaldsplan og tilstandsrapport som blei vedteken i 2012. Arbeidet blir utført i samsvar med framdriftplan og økonomiplan for perioden 2013 til 2016. Planen har ført til auka effektivitet og betre kostnadskontroll.

Reinhald innsparing

Arbeidet med innsparing på 1 mill for reinhald er vidareført i 2014. Ein legg opp til å vidareføre arbeidet med å spare kostnader med å redusere bruk av vikarar og redusere frekvens på reinhald av areal. Regnskapen syner at ein vil redusere kostnaden med om lag kr.1 mill i forhold til regnskapet for 2012.

ANSVARSGRUPPE 53 – KULTUR, FRITID OG MILJØ:

Netto forbruk pr. 2. tertial utgjør 49,5 % i forhold til årsbudsjettet. Dette er relativt lågt i forhold til 2. tertial, men skuldast at kulturmidlane ikkje har vore fordelt og utbetalt. Drifta elles er om lag som forventa.

MEDARBEIDARPERSPEKTIVET

Hovudmålet i styringskortet er at Haram kommune skal ha medarbeidarar som deltek aktivt i eit utfordrande og tverrfagleg arbeidsmiljø, med rom for læring og utvikling.. Fokusområde i 2014 er

- Utvikle kunnskap, ferdigheiter og haldningar blant medarbeidarar og leiarar, som vil vere støttande i arbeidet med å nå overordna mål

Nedanfor har ein tatt inn spesielle utfordringar og/eller ting det har vore arbeidd spesielt med i 2. tertial

Oppfølging medarbeidarundersøking:

Fullføre tiltak knytt til oppfølging av medarbeidarundersøkinga frå 2012

Kommunen gjennomførte i 2012 ei medarbeidarundersøking. Undersøkinga vart følgt opp innanfor fleire område i 2013, men forutsatt vidareført i 2014 på dei områda der det var behov for det. Dette arbeidet vil fortsette også i siste tertial.

Ansvarslinjer/delegasjon:

Ansvarslinjer/delegasjon i alle ledd i organisasjonen ferdig etablert

Kommunestyret har tidlegare vedtatt delegasjonsreglement for rådmannen, som har vidaredelegert sitt mynde til einingsleiarar innanfor aktuelle område. Utkast til mal for vidaredelegering frå einingsleiar er utarbeidd og kan nyttast av einingsleiarane i den grad ein ser behov for det.

Etablering av saksbehandlernetttverk:

Saksbehandlernetttverk etablert for utvikling av saksbehandlarar

Saksbehandlerforum vart etablert i 1. tertial og vidareført i andre. Arbeidet er tenkt vidareført som eit permanent forum der ein vil ta opp ulike tema med sikte på å auke kompetansen hjå den einskilde saksbehandlar.

Kompetanse- og rekrutteringsplan:

Kompetanse- og rekrutteringsplan ferdig utarbeidd

Det vert arbeidd med kompetanseheving innanfor einingane. Indre og ytre omsorgseining har eigen kompetanseplan som blir rullert årleg. Barnehageeininga har og sin eigen kompetanseplan og har no fått avtale med Høgskulen i Volda om vidareutdanning i rettleiing (15 studiepoeng) for alle førskulelærarar i kommunen. Heile 59 av 61 har meldt seg opp til eksamen. Undervisninga er lagt til Haram og for det meste i ordinær møtetid.

Arbeidet med revideringa av ein felles kompetanse- og rekrutteringsplan er ikkje starta opp.

PERSPEKTIV FOR PROSESS OG FORNYING

Hovudmålet i styringskortet er at Haram kommune skal vere i kontinuerleg og målretta utvikling, og tydeleg i si rolle som aktør i samfunnsutviklinga Fokusområde i 2014 er

- Forny og forbetre system, struktur og prosessar for å kunne yte service og tenester med høg effektivitet og god kvalitet.

Nedanfor har ein tatt inn spesielle utfordringar og/eller ting det har vore arbeidd spesielt med i 2. tertial

Interne prosesser:

Interne prosesser for samhandling/effektivisering gjennomført innanfor prioriterte område

I budsjettet for 2014 vert det omtala å sette eit «Fornyingsprogram for tenesteproduksjonen» på dagsorden. Som eit ledd i dette vart det foreslått å sette i gong eit pilotprosjekt i 2014 for å teste ut LEAN (eller ein annan metode) til hjelp i eit fornyingsarbeid knytt til «Fornyng og effektivisering av internproduksjon og støttetjenester». Kommunen har i 2. tertial inngått avtale om å teste ut LEAN, og har valgt ut to pilotprosjekt for å teste ut om dette er ein metode ein ynskjer å nytte i det vidare fornyingsarbeidet. Pilotprosjekta skal gjennomførast i tredje tertial og omfattar:

- prosessen knytt til tilgangsstyring i løn, fag- og IT-system frå start til slutt i tilsettingsforhold i kommunen.
- prosessen knytt til utleige av kommunale bustadar frå søknad om husvære kjem inn (behov oppstår), leigetida og fram til bustaden vert fråflytta og klar for ny leigetakar.

Flaskehalsar IKT:

Flaskehalsar innanfor IKT-området skal vere kartlagt og plan for utbetring utarbeidd

Haram kommune er med i IKT-samarbeidet innanfor ekkommune Sunnmøre, og eiga sak knytt til evaluering av samarbeidet vert lagt fram.

Kommunen har i 2014 hatt fleire møte både med driftsledet og strategi- og bestillarledet innanfor ekkommunesamarbeidet. Gjennom dette har ein fått drøfta problemstillingar kommunen har i drifta, og prøvd å få kartlagt kva ein kan gjere for å utbetre problemområda. Dette vil vere ting som skjer gjennom ekkommunesamarbeidet, men også ting som Haram kommune sjølv må få på plass i form av utstyr, infrastruktur og kompetanse. IKT er imidlertid eit kontinuerlig utviklingsområde og ein må arbeide vidare med dette i tida som kjem.

Verksemdsplanar:

Alle einingar skal ha utarbeidd verksemdsplanar innan 31. mars 2014

Dei fleste einingane melder om at dei har utarbeidd verksemdsplanar i tråd med styringskortet.

Kvalitetssystem:

Oppgradering/utvikling av felles heilskapleg system for rutinar/prosesser mv. , her under

- *Innkjøp av kvalitetssystem med definerte tema ferdig innarbeidd*

Kvalitetssystemet «Kvalitetslosen» vart innkjøpt i 1. tertial og arbeidet med opplæring og innlegging av dokumentasjon går etter planen. Det vil likevel ta tid før all dokumentasjon kjem på plass, og denne vil også måtte jamnleg oppdaterast og reviderast. Kvalitetssystemet vert åpna for alle tilsette i siste tertial, og i første omgang som ein prøveperiode.



ØKONOMIRAPPORT PR. 2. TERTIAL 2014

(pr. 31.08.14)

(Tala pr. 2. tertial er ikkje endelege tal ettersom rekneskapen for august ikkje er slutført, men lønsutgiftene som utgjer største kostnaden er med. Resultat frå lokale forhandlingar er derimot ikkje med.)

Økonomirapport 2. tertial 2014 (pr. 31.08)

Generelle inntekter / utgifter - Rekneskapsskjema 1A m/ justeringer			
	Rekneskap pr. 2.tertial 2014	Budsjett 2014	Rekneskap pr. 2.tertial 2013
Skatt på inntekt og formue	-139 807 707,58	-234 100 000	-139 901 136,08
Rammetilskot	-167 728 969,00	-223 800 000	-157 486 297,00
Andre generelle statstilskot			
Momskomp. investering	0	0	-1 937 720,19
Komp.invest. grunnskule	-118 512,00	-900 000	-120 468,00
Komp.invest. omsorg	0,00	-3 200 000	0,00
Statstilskot flyktningar	-5 134 700,00	-9 000 000	-4 860 600,00
Sum frie disponible inntekter	-312 789 888,58	-471 000 000	-304 306 221,27
Tap på fordringar og finanskostnader	0	0	0,00
Renteutgifter ordinære lån	16 808 432,27	25 783 000	15 979 362,02
Renteutgifter formidlingslån	1 021 219,49	1 600 000	836 072,68
Avdrag	55 510,00	27 900 000	2 258 426,00
Renteinntekter bankinnskot	-3 120 077,00	-900 000	-1 127 951,00
Renteinntekter formidlingslån	-857 820,54	-1 600 000	-722 720,93
Andre renteinntekter	-88 816,58	-100 000	-44 217,00
Avkastning likviditetsplassering	-1 405 432,00	-1 000 000	-773 505,00
Verdiauke finansplassering	-14 698 466,65	-16 500 000	-17 546 622,00
Motpost avskrivningar (VAR)	0,00	-3 665 000	0,00
Kalkulatorisk rente (VAR)	0,00	-2 718 000	0,00
Avdrag på pensjonsavvik	0,00	3 000 000	0,00
Netto finansinntekter/utgifter	1 076 729,49	31 800 000	-1 141 155,23
Til bundne avsetningar	0,00	-457 000	0,00
Bruk av bundne avsetningar	0,00	1 338 000	0,00
Netto avsetninger	0,00	881 000	0,00
Overføring til investeringsrekneskapen	0,00	0	0,00
Til fordeling drift (Rekneskapsskjema 1B)	-311 713 159,09	-438 319 000,00	-305 447 376,50

SKATTEINNGANG OG RAMMETILSKOT

Det er budsjettert med inntekter frå skatt og rammetilskot på 457,9 millionar kroner, i tråd med KS sin prognose. Etter andre tertial utgjør desse inntektene 307,5 millionar, eller 67,2% av budsjettet.

Nye tal frå SSB viser at kommunane i perioden januar til august har hatt 2% meir i skatteinngang enn i same periode i fjor. Skatteinntektene isolert sett i august var derimot 2% lågare enn same månad i fjor. Det er først når det endelige likningsoppgjeret kjem i oktober, samt korrigeringar av fordelingane mellom skattekreditorane kjem, at ein kan sjå korleis den endelege skatteinngangen blir. Skatteutviklinga er altså usikker, men dersom veksten blir like svak som pr. 2. tertial, kan kommunesektoren få inntil 1,3 mrd mindre i skatteinngang enn anslaget som blei gitt i revidert nasjonalbudsjett (RNB) for 2014. Det vert i RND for 2014 anslått ein vekst på 3% for kommunane. Det ligg altså an til ein vesentlig svikt i skatteinntektene i høve til dette anslaget.

Åtskilt har skatteinngangen for Haram vore slik i 2014 samanlikna med 2013:

Månad	2013	Total 2013	2014	Total 2014	Endring	Endring i %
Januar	26 920 230	26 920 230	28 546 476	28 546 476	1 626 246	6,04 %
Februar	3 166 852	30 087 082	1 438 261	29 984 737	-102 345	-0,34 %
Mars	35 250 646	65 337 728	37 268 112	67 252 850	1 915 122	2,93 %
April	928 246	66 265 974	389 265	67 642 115	1 376 141	2,08 %
Mai	43 844 182	110 110 156	40 647 998	108 290 113	-1 820 043	-1,65 %
Juni	432 989	110 543 145	1 660 914	109 951 027	-592 118	-0,54 %
Juli	28 363 276	138 906 421	28 429 532	138 380 559	-525 862	-0,38 %
August	994 715	139 901 136	1 427 148	139 807 707	-93 429	-0,07 %

Tabellen viser redusert skatteinngang i 2. tertial i høve til 1. tertial. Samanliknar ein skatteinngangen for Haram i 2. tertial med same periode i fjor har det vore ein nedgang. Ved utgangen av august ligg ein 0,1% lågare enn på same tid i fjor. Det skuldast i hovudsak det seine lønsoppgjeret i 2014, samt lågare befolkningsvekst i Haram. Skatteinngangen for Haram ligg om lag 4% under snittet på landsbasis, dette er om lag slik som dei siste åra. Differansen vil delvis utjamnast som auka rammetilskot. Sjølv om ein forventar ein viss auke i 3.tertial, ligg det på linje med landet elles, an til en vesentlig svikt i skatteinngangen i høve til dei nasjonale prognosane.

ANDRE GENERELLE STATSTILSKOT

Mesteparten av rente- og avdragskompensasjon frå investering i omsorg og skule kjem i desember månad. Husbankrenta gjennom året vil avgjere kva tilskota vert på. Ein må gå ut frå at ein mottek om lag budsjetterte summar.

I år er første året der heile momskompensasjonen skal gå tilbake til investeringsrekneskapen. Dette etter ei gradvis opptrapping på 20% årleg sidan omlegginga i 2009. Reglane for bokføring seier at heile momskompensasjonen på investering skal først til inntekt i driftsrekneskapen. Frå og med i år skal altså heile summen no overførast til investeringsrekneskapen, noko som vert gjort ved årsslutt.

Avskrivning og renter frå VAR område er sum som først vert endeleg utrekna ved rekneskapsavslutninga. Ein må gå ut frå at desse summene vert om lag som budsjettert.

AVDRAG OG RENTER PÅ LÅN

Mesteparten av låna er no utan fast avdrag. Budsjettert sum skal betalast og mesteparten av avdragssummen blir betalt 4. kvartal.

Tertialrapporten viser berekna påløpne renter i perioden. For 150 millionar kroner er det bunde rente (swap) på 5,480%. Vidare ligg 100 millionar kroner til ein swap på 2,855% og 100 millionar til 3,365%. Resten av låna ligg flytande mot p.t. renter og 3 mnd nibor. Sistnemnte er ved utgangen av 2. tertial på 1,75%, som gir ei flytande kortsiktig lånerente for kommunen på mellom 1,7 -1,85% etter kredittpåslag.

Det er budsjettert med om lag 3,5% renter for 2014. I 2. tertial har gjennomsnittsrenta for kommunen sin låneportefølje økt frå 2,76% til 2,80%. Det er ikkje venta vesentlig renteoppgang i 2014, og budsjettert rente bør såleis halde.

Viser elles til vedlagt gjeldsrapport for 2. tertial.

VERDI OG AVKASTNING AV MIDLAR Plassert i aksjar og obligasjonar, samt avkastning av midlar plassert i likviditetsfond

Pr. 1/1 2014 var investeringsfondet på kr. 251 685 518. Det er budsjettert med bruk av 2 millionar av fondet i 2014. Dette vart utbetalt frå fondet i 2. tertial.

Pr. 1/1 2014 var verdien på midlane plassert i fond hos Carnegie og Pareto på:

Langsiktige finansielle omløpsmidlar	kr. 274 995 797
Likviditetsplasseringar	<u>kr. 26 437 350</u>
	kr. 301 433 147

Pr. 2.tertial 2014 har verdien på midlane endra seg slik;

Januar månad	verdiauke	kr	1 046 724
Februar månad	verdiauke	kr	2 380 984
Mars månad	verdiauke	kr	85 335
April månad	verdiauke	kr	2 424 188
Mai månad	verdiauke	kr	3 490 766
Juni månad	verdiauke	kr	5 714 865
Juli månad	verdiauke	kr	1 270 836
August månad	verdinedgang	kr	322 720

Netto verdiauke pr 2. tertial 2012 **kr 16 090 978**

Gevinst sal av teikningsrettar **kr 12 921**

Samla marknadsverdi finansforvalting pr 31/8-14 **kr 317 537 046**


Herav,

finansielle omløpsmidlar	kr 289 694 264
likviditetsplasseringar	kr 27 842 782

Fondsrapport frå Pareto og Sparebanken Møre pr. 31/8 2014, ligg ved denne økonomirapporten.

For 2014 er det budsjettert med 17,5 millionar kroner i avkastning på finansforvaltninga.

Figuren nedanfor viser eit totalbilde av kommunen sin samla gjeld og plasseringar.



OBS! Årets låneopptak er med, men ennå ikkje fordelt på passiva side (står pt. som vanlig gjeld. Endelig fordeling skjer ved årsavslutning, mykje vil her gå på VAR og anlegg sjølvkost). Alle unytta lånemidlar (inkl. årets låneopptak) som står på bankkonto er medrekna under likviditet og bankinnskot på aktivaside. Unytta lånemidlar og likviditet utliknar difor kvarandre.

DRIFTSUTGIFTER OG -INNTEKTER

Nettoutgifter i driftsrekneskapen er etter 2. tertial på 275,8 millionar kroner. Tabellen nedanfor viser korleis utgifter og inntekter for kommunen sett under eitt fordeler seg (finansinntekter/-utgifter og inntekter frå skatt og rammetilskot, dvs. ansvar 9000, er ikkje tatt med i tabellen).

2. Tertial 2014

	Akkumulert rekneskap	Forbruk %	Årsbudsjett
10 Løn, sos.utg.	243 267 572	63,9 %	380 642 000
11/12 Innsatsfaktorar	40 955 590	59,4 %	68 973 000
13 Kjøp av tenester	47 543 309	60,7 %	78 385 000
14 Overføringar	16 733 760	70,4 %	23 774 000
15 Finansutgifter	21 127	0,1 %	30 736 000
Sum utgifter	348 521 358	59,8 %	582 510 000
16 Salsinntekter	42 424 026	57,8 %	73 392 000
17 Refusjonar	29 911 937	67,1 %	44 593 000
18 Overføringar	228 984	654,2 %	35 000
19 Finansinntekter	175 000	0,7 %	25 318 000
Sum inntekter	72 739 947	50,7 %	143 338 000
Nettoutgifter	275 781 411	62,8 %	439 172 000

Brutto utgifter 2.tertiar utgjer 348,5 millionar kroner. Av dette er 69,8% løn og sosiale utgifter.

Utgifter til innsatsfaktorar er kjøp av varer og tenester som går inn som innsatsfaktorar i kommunen sin tenesteproduksjon. Dette gjeld til dømes forbruksmateriell, straum, inventar, forsikring. Kjøp av tenester gjeld utgifter til tenester levert til brukarane frå andre produsentar enn kommunen sjølv. Døme på slike kostnader er driftstilskot til private barnehagar, opphald i barnevernsinstitusjonar eller kjøp av tenester frå interkommunale føretak.

Inntektene utgjer 72,7 millionar kroner, og ligg på 50,7% av det budsjetterte. Refusjonar og overføringsinntekter er ofte ikkje jamt fordelt gjennom året. Avvik her må difor tolkast med dette i mente.

I tabellane nedanfor ser ein utgiftene, inntektene og forbruk i % av årsbudsjett innanfor dei ulike driftseiningane. Tabellane gir same informasjon som Rekneskapsskjema 1B for 2. tertial vil gjere, men i tillegg på hovudkontonivå.

10 Politisk			
	Reknesk.	Budsj.	Forbr.
10	1 571 628	2 932 000	53,6 %
11/12	207 110	330 000	62,8 %
13	694 181	900 000	77,1 %
14	83 336	400 000	20,8 %
15	0	0	-
S.utg	2 556 255	4 562 000	56,0 %
16	0	0	-
17	9 826	62 000	15,8 %
18	0	0	-
19	0	0	-
S.innt	9 826	62 000	15,8 %
netto	2 546 429	4 500 000	56,6 %

11 Stab/støtte			
	Reknesk.	Budsj.	Forbr.
10	10 829 867	17 112 000	63,3 %
11/12	4 285 671	6 239 000	68,7 %
13	1 797 456	4 214 000	42,7 %
14	1 570 950	1 897 000	82,8 %
15	11 892	2 400 000	0,5 %
S.utg	18 495 836	31 862 000	58,0 %
16	1 088 959	1 590 000	68,5 %
17	903 399	3 988 000	22,7 %
18	0	0	-
19	0	2 484 000	0,0 %
S.innt	1 992 358	8 062 000	24,7 %
netto	16 503 478	23 800 000	69,3 %

13 Tilskot kyrkjeleg fellesråd m.m.			
	Reknesk.	Budsj.	Forbr.
10	0	0	-
11/12	0	315 000	0,0 %
13	0	0	-
14	4 192 500	5 835 000	71,9 %
15	0	0	-
S.utg	4 192 500	6 150 000	68,2 %
16	0	0	-
17	0	0	-
18	0	0	-
19	0	0	-
S.innt	0	0	-
netto	4 192 500	6 150 000	68,2 %

21 Grunnskuletenester			
	Reknesk.	Budsj.	Forbr.
10	61 897 718	95 308 000	64,9 %
11/12	6 133 448	10 850 000	56,5 %
13	1 714 476	3 545 000	48,4 %
14	809 780	1 732 000	46,8 %
15	1 435	7 119 000	0,0 %
S.utg	70 556 857	118 554 000	59,5 %
16	2 098 582	3 780 000	55,5 %
17	6 659 457	8 155 000	81,7 %
18	3 800	0	-
19	0	7 119 000	0,0 %
S.innt	8 761 839	19 054 000	46,0 %
netto	61 795 018	99 500 000	62,1 %

23 Barnehagetenester			
	Reknesk.	Budsj.	Forbr.
10	21 933 787	32 191 000	68,1 %
11/12	1 391 616	2 125 000	65,5 %
13	21 968 892	30 578 000	71,8 %
14	246 913	590 000	41,8 %
15	1 786	816 000	0,2 %
S.utg	45 542 994	66 300 000	68,7 %
16	3 986 123	5 950 000	67,0 %
17	2 514 944	934 000	269,3 %
18	0	0	-
19	0	816 000	0,0 %
S.innt	6 501 067	7 700 000	84,4 %
netto	39 041 927	58 600 000	66,6 %

25 Tiltakstenester barn/unge			
	Reknesk.	Budsj.	Forbr.
10	11 199 247	17 347 000	64,6 %
11/12	2 798 165	3 953 000	70,8 %
13	980 449	1 790 000	54,8 %
14	521 356	538 000	96,9 %
15	1 254	54 000	2,3 %
S.utg	15 500 471	23 682 000	65,5 %
16	2 280	3 000	76,0 %
17	2 240 354	1 425 000	157,2 %
18	0	0	-
19	175 000	454 000	38,5 %
S.innt	2 417 634	1 882 000	128,5 %
netto	13 082 837	21 800 000	60,0 %

31 Helsetenester			
	Reknesk.	Budsj.	Forbr.
10	13 483 198	21 482 000	62,8 %
11/12	3 111 244	4 714 000	66,0 %
13	10 092 731	18 274 000	55,2 %
14	2 271 129	749 000	303,2 %
15	258	146 000	0,2 %
S.utg	28 958 560	45 365 000	63,8 %
16	673 602	999 000	67,4 %
17	3 734 655	8 120 000	46,0 %
18	0	0	-
19	0	146 000	0,0 %
S.innt	4 408 257	9 265 000	47,6 %
netto	24 550 303	36 100 000	68,0 %

33 Omsorgsdistrikt I (ytre)			
	Reknesk.	Budsj.	Forbr.
10	50 402 563	77 277 000	65,2 %
11/12	7 335 711	11 779 000	62,3 %
13	35 270	50 000	0,0 %
14	1 338 350	1 907 000	70,2 %
15	2 447	3 632 000	0,1 %
S.utg	59 114 341	94 645 000	62,5 %
16	8 444 338	14 322 000	59,0 %
17	4 653 030	4 791 000	97,1 %
18	0	0	-
19	0	3 632 000	0,0 %
S.innt	13 097 368	22 745 000	57,6 %
netto	46 016 973	71 900 000	64,0 %

34 Omsorgsdistrikt II (indre)			
	Reknesk.	Budsj.	Forbr.
10	26 896 118	42 881 000	62,7 %
11/12	2 460 517	4 126 000	59,6 %
13	4 255	0	-
14	479 323	845 000	56,7 %
15	306	922 000	0,0 %
S.utg	29 840 519	48 774 000	61,2 %
16	4 620 103	6 912 000	66,8 %
17	1 517 682	2 340 000	64,9 %
18	0	0	-
19	0	922 000	0,0 %
S.innt	6 137 785	10 174 000	60,3 %
netto	23 702 734	38 600 000	61,4 %

35 Sosialtenester			
	Reknesk.	Budsj.	Forbr.
10	22 381 413	33 064 000	67,7 %
11/12	1 483 200	2 386 000	62,2 %
13	3 536 967	6 312 000	56,0 %
14	1 556 626	1 987 000	78,3 %
15	0	385 000	0,0 %
S.utg	28 958 206	44 134 000	65,6 %
16	1 215 279	1 760 000	69,0 %
17	1 393 251	5 557 000	25,1 %
18	21 720	35 000	62,1 %
19	0	385 000	0,0 %
S.innt	2 630 250	7 737 000	34,0 %
netto	26 327 956	36 397 000	72,3 %

51 Byggesak, landbruk og arealforvaltning			
	Reknesk.	Budsj.	Forbr.
10	3 816 427	6 778 000	56,3 %
11/12	615 213	2 250 000	27,3 %
13	0	150 000	-
